



Tysvær
kommune

ÅRSPLAN FOR NEDSTRAND BARNEHAGE 2024/2025

Visjon: Glade barn i eit rikt miljø

Verdiar me set høgt: Trivsel, inkluderande og kunnskapsrik

Innhald

Nedstrand barnehage	4
Visjon og verdier	4
Visjon i Nedstrand barnehage	5
Rammefaktorar	6
Barnehagelova	6
Rammeplanen.....	7
Fagleg fokus opp mot rammefaktorane.....	7
Dei sju fagområda i rammeplanen	10
Kropp, rørslе, mat og helse	10
Kunst, kultur og kreativitet	10
Natur, miljø og teknologi.....	11
Mengde, rom og form	11
Etikk, religion og filosofi.....	11
Nærmiljø og samfunn	11
Kommunikasjon språk og tekst	11
Tradisjonar og planleggingsdagar.....	12
Oversikt for barnehageåret 2024/2025.....	12
Felles satsingsområde	13
Autoritativ barnehage/CLASS - Utviklings-støttande barnehage.....	13
Eg e meg og du e deg.....	14
Trafikk-sikker barnehage.....	14
Leikemiljø/Rommet som 3.pedagog	14
Realfag.....	15
Digital praksis.....	16
Leik og danning	16
Samarbeid heim/barnehage	18
Foreldremedvirkning	18
Handtering av klager	18

Barnehagens kontaktinformasjon.....	19
Tilvenning i overgang mellom heim og barnehage	19
Trygghetssirkelen.....	20
Tilvenning i overgang mellom barnehage og skule.....	20
Ulike samarbeidstenester til det beste for barnet.....	21
Pedagogisk, psykologisk teneste (PPT) og logoped	21
Psykisk helseteneste for barn og unge	21
Fysioterapi/helsestasjon.....	22
Barnevernstenesta	22
Familieteamet.....	22
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	22
Periodeplanar.....	23

Nedstrand barnehage

Barnehagen ligg på Hinderåvåg i bygda Nedstrand i Tysvær kommune. Me er ein avdelingsbarnehage med 3 avdelingar.

Me ligg sentralt til i nærleiken av både butikk, post, skular, aldersheim, brannstasjon, fiskeoppdrett og ulike fornminne. Barnehagen jobbar periodevis i prosjekt med fokus på lokalkulturen og nærmiljøet i våre flotte naturområde. Me kan sjå rett opp til Himakånå, og veit godt kva segnet seier om henne. Me har andre segn knytt opp mot ulike stein og fornminne som me jevnleg nyttar i vårt arbeid med barna: Særleg blir me kjende med Kvilesteinen og Gapestokken, og utsikten opp til Himakånå.

Barnehagen fylgjer kommunen sine satsingsområde elles, og knyt gjerne vårt fokus med lokalkultur og nærmiljø opp mot satsingsområda me har kommunalt.

Satsingsområda kan de lesa om vidare her i årsplanen.

Visjon og verdiar

Visjon for heile Tysvær kommune er **aktivitet og trivsel**.

Kommunen ynskjer å stå fram som ein aktiv og triveleg kommune.

Verdiane som er sett til medarbeidarane i kommunen er **ROMA**:

Raus, **O**pen, **M**odig, og **A**nsvarleg.

I eit tett nettverk som barnehagen er, står godt samarbeid og positivt klima sentralt. I møte med barn, foreldre og kollegaer står desse medarbeidarverdiane sentrale. Me møter ulike personar og kulturar i arbeidet vårt. Me møter ulike utfordringar som me må finna gode løysingar på, både her og nå, og i meir planlagde møter.

Barnehagelova og barnekonvensjonen, etiske normer og lovbestemte grunnleggjande verdiar i kristen og humanetisk arv og tradisjon speglar medarbeidarverdiane til Tysvær kommune, som barnehagen er ein del av.

Som tilsett i ein barnehage i Tysvær kommune, skal me ha desse medarbeidarverdiane med oss i arbeidet vårt. Me har fokus på dei i møte med både barn, foreldre og kollegaer..

På denne måten vil også barna i Tysvær kommune bli påverka av våre refleksjonar, og dagane i barnehagen vert prega av gode verdiar som er tente dei minste innbyggjarane i kommunen.

Visjon i Nedstrand barnehage

Visjonen til Nedstrand barnehage er glade barn i eit rikt miljø.

I Nedstrand barnehage får barna gjennom medverknad og aktivitetar i nærmiljøet og lokalkulturen, tileigna seg kompetanse innanfor dei sju fagområda i rammeplanen.

Me ønsker å skapa eit godt miljø for tryggleik, trivsel og ein stad barna kan få utfalda seg i sitt tempo saman med andre. Her kan dei òg få læra seg respekt og forståing for kvarandre, og ta del i og forme sin eigen kvardag. I denne kvardagen skal dei få læra meir om lokalkulturen og nærmiljøet som dei er ein del av, gjennom ulike aktivitetar utifrå dei sju fagområda som er nedfelt i rammeplanen for barnehagen. Personalet har fokus på gode leikemiljø.

For å strekkja seg etter visjonen jobbar personalet i Nedstrand barnehage ut frå eit samla verdigrunnlag i tråd med Barnehagelova og Rammeplanen.

Gjennom omsorg, leik, læring og danning skal vårt verdisyn vera synleg gjennom aktivitetar, handlingar og kommunikasjon med barna kvar dag.

Verdiane me set høgast er **trivsel, inkluderande og kunnskapsrik**.

Desse verdiane har me hatt med oss i mange år. Me valte ut desse blant mange og me ser at dei framleis er aktuelle i dagens samfunn og i den satsinga me nå har overordna i kommunen inn mot kompetanseløftet og oppvekstreformen (sjå seinare)

For å jobba vidare med desse verdiane vil me framover definera kva verdiane betyr for oss opp mot rammeplanen og barnehagelova. Verdiane skal vera synlege i arbeidet vårt og barna skal oppleva ein raud tråd i det me jobbar med, slik at kvardagen deira i barnehagen skal bli fylt med trivsel, inkludering og mykje kunnskap som dei tar med seg vidare.

Rammefaktorar

Barnehagen skal utarbeida ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper etter behov.

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagens val og grunngjevingar.

Årsplanen gir informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåene, barnehagens samarbeidspartar og andre interesserte.

Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen er viktige rammefaktorar som me forhold oss til i det daglege arbeidet.

Barnehagelova

Barnehagelova er ein norsk lov som regulerer barnehagens virksomhet. Barnehagesektoren styres av denne loven med forskrifter. Med lov om barnehagar regulerer og delegerer stat, fylke og kommune ansvar for virksomheten til barnehagens styrarar og til de pedagogiske leiarar. Barnehagelova er retningsgivande for den daglege drifta av barnehagen, og for den pedagogiske tilrettelegginga av barns kvardag.

Den første barnehagelova kom i 1975. Det var den første loven som omfatta kun barnehagar. Da den ble vedtatt, var den en milepæl og loven fikk stor betydning for reguleringa av sektoren. En annan milepæl var da barns rett til medverking ble lovfesta med endringar i barnehagelova av 2005.

Her finn du [Barnehagelova](#).

Rammeplanen

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre der barn under 6 år skal få eit omsorg- og læringsmiljø som har fokus på barns beste.

Her finn du [Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver](#).

Stortinget har i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) fastsatt overordnede bestemmelser om barnehagens innhald og oppgaver, jf. § 1, § 1a, § 2, § 3, § 4 og § 5. Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver (rammeplanen) fastsetter utfyllende bestemmelser om barnehagens innhald og oppgaver.

Rammeplanen gir informasjon om hva barnehagen tilbyr barn og foreldre og gir et grunnlag for samarbeid mellom hjem og barnehage. Rammeplanen skal gi ansatte og foreldre i barnehagen, eiere og politikere en ramme å tenke ut fra når de skal arbeide med barnehagens innhald.

Fagleg fokus opp mot rammefaktorane

Strategiplan for kompetanseheving for resultatområdet barnehage i Tysvær kommune:

Tysvær kommune har ein klar strategi for utvikling av dei tilsette sin kompetanse. Planen er i tråd med regjeringa sitt mål for kompetanse, i tillegg til at den følger intensjonen for barnehageplanen i kommunen.

Hovudmålet i planen er å styrke dei tilsette sine ferdigheter og arbeidsglede, for dermed å auke kvaliteten på tilbodet som vert gitt til barn i Tysvær kommune.

Kompetanseløftet

Kompetanseløftet skal vera eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, og skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne forebygga, fanga opp, og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert barn og elevar med behov for særskild tilrettelegging.

Barnevernsreformen

Innsatsen med barnevernsreformen frå statens side er å gi kommunane motivasjon og moglegheiter til meir førebygging og meir samarbeid på tvers av tenester. Sjølv om reforma først og fremst regulerer barnevernet, er det einigheit om at måla best oppnås gjennom endringar i heile oppvekstsektoren.

Profesjonelt læringsfelleskap

Barnehagane skal vera ein lærande organisasjon, og for å få til eit godt profesjonelt læringsfelleskap nyttar me pedagogmøter, avdelingsmøter, personalmøte og planleggingsdagar til å høgyne vår faglege kompetanse. I år vil vårt arbeid i dette læringsfelleskapet bidra til ein utvida forståelse av innhaldet i kompetansehevinga for dei som jobbar med barn og unge i kommunens oppvekstsektor.

Barns medverking

Det står nedfelt i barnehagelov og rammeplan at barn skal ha medverking i kvardagen sin. Det handlar ikkje om at barna skal bestemme alt. Me har ei viktig oppgåve som foreldre og tilsette, i å vera tydelege i varme grenser, slik at barna veit at det valet me tar saman med barnet, er til det beste for dei sjølv, likevel om dei ikkje alltid er einige i det.

Å respektere barnet og å ta deira følelsar, meiningar og opplevsalar på alvor er ein maktbalanse som me som foreldre og tilsette ikkje må bruka feil.

Me bruker bla barnesamtalar og samtalar i samlingar/grupper og får informasjon som me kan bruke til vidare planar.

Me tilsette observerer leik og aktivitetar og skriv praksisforteljingar slik at me kan bruke barnas medverking i prosjektarbeid.

Prosjektarbeid

I vår barnehage jobbar me prosjektbasert. Arbeid med prosjekt skal sikre at me i praksis ivaretar §1 i Barnehagelova om barnehagens formål og innhald. Gjennom prosjektarbeid ser me omsorg, danning, leik og læring i eit heilheitsperspektiv. Pedagogiske leiarar har ansvar for at Rammeplan (2017) og Årsplan blir brukt som eit arbeidsverktøy inn i prosjektarbeidet.

I prosjektarbeid skapar ein det som barnehagelov og rammeplan seier- at barnet skal vera medskapar av eigen kulturarena. Barnas medverking kjem tydelegare fram når me jobbar på denne måten.

For å finne ut av barnas interesser slik at barna kan påverke kvardagen sin, observerer tilsette leiken til barna og noterer innhald og handling i leiken i

praksisfortellingar. Romma på avdelingane og leikemateriellet blir endra alt etter kva barna viser interesser for, og tilsette bidrar inn i leiken der det er aktuelt.

Livsmeistring og helse

Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon, og den skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og forebygge krenkelsar og mobbing. Barna skal oppleve støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med egne og andre sine følelsar.

Me har søkelys på dette, blant annet ved å:

- Bli kjent med oss sjølve, og kvarandre – kjenne på gruppetilhørighet og respektere kvarandre
- Anerkjenne barns følelsar, og stå i følelsane til barnet (for eksempel grøne tankar, glade barn)
- Mykje fysisk aktivitet og sunn mat
- Gi barna tillit, oppgåver og ansvar
- Lage gode leikemiljø som fremjar kreativitet, inkludering og færre konflikhtar.

Barnehageplan for Tysvær kommune/kvalitetsplan

Tysvær kommune har utarbeida ein eigen plan for barnehage der ein har sett felles mål for barnehagar i kommunen. Planen er forpliktande og inneheld fokusområde som barnehagane skal arbeida med.

Kvalitetsplan for barnehagane i Tysvær kommune har fokus på kvalitet og innhold, og skal sikre at barnehagane i kommunen har høg kvalitet på tilbodet til brukarane. Arbeidet er satt i samanheng med rammeplanen for 2017.

Planen er lagt opp som eit godt verktøy for oss som jobbar i barnehagen, med mål, kjernekomponenter (hovudinnhold) og kjennetegn på god praksis.

Me har laga ein handlingsplan for korleis me skal sikre at desse områda i kvalitetsplanen vert kontinuerleg jobba med. Planen fylgjer månadane, og er sett opp som eit årshjul.

I løpet av 2025/26 skal kommunens barnehageplan reviderast, og me vil då laga ein ny handlingsplan utifrå denne. Inntil den er ferdig bruker me den me har.

Saman om det beste for barnet – Temaplan for barn og unge

Temaplanen skal gi retning og prioriteringar til tenesteutvikling innanfor barn og unges oppvekst.

Saman står vi ovanfor eit stort og viktig oppdrag, kor me alle skal bidra til at barn og unge i Tysvær skal få ein trygg og god oppvekst. Dei skal oppleva meistring, glede

og begeistring, og utvikla kunnskap, ferdigheiter og haldningar for å vera godt forberedt til eit arbeidsliv og eit samfunn me ennå ikkje kjenner.

Dette er eit oppdrag ingen kan løyse aleine – dette er me saman om. Det krever at me drar i same retning og samarbeider godt på alle nivå, frå folkevalt til kvar enkelt teneste, og på alle arenaer der me møter barn og unge og deira familiar.

Tysvær kommune møter dette oppdraget med ein felles temaplan for barn og unge.

Temaplanen inneheld fire innsatsområde og strategiar som gir retning dei neste åra:

- Vi har tidleg innsats
- Vi er brubbyggere
- Vi gir robuste tenester
- Vi vil ha alle med

[Her finn du planen i sin heilhet.](#)

Dei sju fagområda i rammeplanen

Fagområda gjenspeiler områder som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse.

Barnehagen skal sjå fagområdene i samanheng, og alle fagområdene skal vera ein gjennomgåande del av barnehagens innhold.

I samiske barnehagar skal arbeidet med fagområdene ta utgangspunkt i samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap.

Kropp, rørsle, mat og helse

Mål

Alle barn skal oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og god fysisk og psykisk helse.

Kunst, kultur og kreativitet

Mål

Alle barn skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former, og organisert på måtar som gir barna moglegheit til utforsking, fordjupning og progresjon.

Natur, miljø og teknologi

Mål

Alle barn skal få opplevingar og erfaringar i naturen som forståing for naturens eigenart og barnas vilje til å verna om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling.

Mengde, rom og form

Mål

Alle barn skal få utforska og oppdaga matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved sjølv å vera kreative og skapande.

Etikk, religion og filosofi

Mål

Alle barna bør få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi.

Nærmiljø og samfunn

Mål

Barnehagen skal bidra til at barn kan få kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrker slik at barna kan oppleve tilhørighet til nærmiljøet.

Kommunikasjon språk og tekst

Mål

Barna skal få utforske og utvikle sin språkforståelse, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer.

Tradisjonar og planleggingsdagar

Nedstrand barnehage sine tradisjonar tar utgangspunkt i norske høgtidsdagar og i fokusområda barnehagen til ei kvar tid arbeider med. I barnehagen har me barn frå ulike kulturar og me markerer høgtidsdagar frå dei ulike kulturane i verda. Dette gjer me i mai i nasjonaldagsveka. Samefolkets dag vert markert kvart år 6. februar i samband med at me gjev barna innblikk i samekulturen som er ein del av den norske kulturen.

Oversikt på innhald finn de i periodeplan og Vigilo.

Oversikt for barnehageåret 2024/2025

2024

Månad	Tradisjonar og annet
August	<ul style="list-style-type: none">• Oppstart• Bytte av avdeling• Tilvenning• Planleggingsdag 15. august
September	<ul style="list-style-type: none">• Brannvern/førstehjelp i veke 38+39• Førsteklasse på besøk i veke 40• Planleggingsdag 23. september
Oktober	<ul style="list-style-type: none">• Refleksdagen 17. oktober• Trafikksikker barnehage i veke 42
November	<ul style="list-style-type: none">• Bakeveke i veke 48• Planleggingsdag 8. november
Desember	<ul style="list-style-type: none">• Adventskos i veke 49 - Foreldre inviterast inn ved henting• Julebord for barna 5. desember• Førjulsfest m/foreldre 12. desember kl. 15:00-16:15• Luciafeiring 13. desember - Til Nedstrandtunet

2025

Månad	Tradisjonar og annet
Januar	<ul style="list-style-type: none">• Planleggingsdag 20. januar
Februar	<ul style="list-style-type: none">• Samefolkets dag• Karneval 19. februar
Mars	<ul style="list-style-type: none">• Barnehagedagen 11. mars• Ruge fram kyllingar - Oppstart 17. mars• Planleggingsdag 24. mars
April	<ul style="list-style-type: none">• Kyllingane blir klekka fram 7. april
Mai	<ul style="list-style-type: none">• Nasjonaldagsveke i veke 20• Markering av Norges nasjonaldag 17. mai, og andre land som er tilknytt barn i barnehagen• Friluftsveker i veke 21 og 22
Juni	<ul style="list-style-type: none">• Sommarfest m/foreldre i veke 23/24• Bli kjent med nye barn gjennom oppstartsmøter og besøksdagar

Felles satsingsområde

Alle barnehagane i Tysvær kommune, private og kommunale - er med i fleire felles prosjekter/satsingsområde.

Autoritativ barnehage/CLASS - Utviklings-støttande barnehage

Mål

Betre relasjonen og samspelet mellom tilsette og barna, og å utvikla empati, forståing og respekt for kvarandre..

Metode

- Å ha ein varm og grensesetjande tilnærming, med grenser som er tilpassa barnet i ein kvar situasjon. Me skal ha god balanse mellom varme og krav i relasjonen til barna.
- Auka kompetansen i forhold til kommunikasjonsteori og relasjonsteori.
- Kompetanseheving med hjelp av CLASS (Kvalitet på samspelet mellom barn og voksne, og korleis ein i samspelet med barna kan støtte dei i si utvikling og læring)

Class er eit program som gir oss ein retning for korleis vi skal jobbe for å få best mogleg kvalitet saman med barna. God kvalitet når det gjeld følelsesspekteret til barna; når det gjeld organisering av dagen; og støtte til læring og utvikling.

Gjennom gode kurs, planleggingsdagar og personalmøte får personalet auka kompetansen innan dette. I kvardagen øver me oss praktisk på det me har lært. Dette vil i andre enden gi barna ei god psykisk helse, og få barna godt rusta til å skapa eit bra liv for seg sjølv og dei rundt seg.

Tysvær kommune utdannar pedagogar til å sertifisere seg som observatørar til dette arbeidet. Av dei får personalet jevnlege tilbakemeldingar (bl.a. observasjonar) på kva dei må endre på for å bli enda bedre i dei områda som Class har fokus på.

Eg e meg og du e deg

Mål

Hjelp barn til å bli trygge og sjølvstendige individ som tør setje grenser og seie ifrå for seg sjølv. og andre, dersom dei opplever noko som er vanskeleg.

Metode

Bruka progresjonsplanen som er laga.

«Eg er meg og du er deg» er eit prosjekt der oppgåva hjå dei tilsette er å forebygge mot alle former for krenkelsar og vold. Me vil sjå dette gjennom at barn tek kontakt med kvarandre, gir uttrykk for eigne meiningar og tar imot den informasjonen dei treng for å meistre rutinane og samspelet i kvardagen.

Barna skal saman med tilsette øve seg på å kontrollere eigne følelsar, setja grenser for seg sjølv, også dersom det oppstår konflikhtar i vennskap og andre relasjonar.

Tilsette skal hjelpe barna i å setje ord på dei følelsane dei får, dei skal gi gode tilbakemeldingar, ros og oppmuntring og motivasjon - og vidare gi alle barn ein balansert barnehagekvardag med både aktivitetar og opplevelsar, men også moglegheit for ro, kvile og avslapping.

Trafikk-sikker barnehage

Mål

Barna får kunnskap om trafikk, og utviklar gode haldningar slik at dei kan ferdast i trafikken på ein god måte.

Personalet og foreldre skal vera gode rollemodellar i trafikken.

Metode

Me har samtalar om trafikk som tema med barna, lagt opp etter alder og utvikling både i samlingar og på turar. Me har særleg fokus på dette ei veke i oktober då me har fokus på trafikksikkerheit og bl.a. refleksbruk.

Me minner og om sikring i bil på haustens foreldremøte eller gjennom Vigilo

Leikemiljø/Rommet som 3.pedagog

Mål

Personalet skal ha fokus på materiell og miljø som fremmer kreativiteten hjå barna, og bruke rommet som den 3.pedagog.

Alle barn skal oppleve å bli inkludert i planlegging av leikemiljø og vidare inn i leiken

Metode

Personalet må vera tilstade og utvida leiken – å bidra inn slik at alle barn får eit leikemiljø som fremjar interesser og leikekompetanse. Kunnskapen om korleis barna leikar, då særskild etter interesser, modning og alder, er viktig å bruka som støttande vaksne.

Me lagar kjekke leikemiljø som gir impuls til inkludering, leik og læring

Me nyttar barnesamtalar og relasjonsskjema gjennom året for å kunne fange opp om leiken og vennskapa er gode for barna.

Realfag

Mål

Regjeringa skildrar at me må la barna oppleve realfag allerede i barnehagen gjennom leik. Innsats mot matematikk og naturfag i barnehagen og grunnopplæringa må auka.

På denne måten kan me bygga opp den realfagskompetansen me treng i framtida.

Norske barn har svake matematikkunnskaper, og gjennom denne satsinga ønsker regjeringa å styrka barnas nysgjerrigheit, matematikkglede og lyst til å utforske matematiske samanhengar. Me vil kunne fremja heilhetlig læring hos barn gjennom tverrfagleg arbeid mellom matematikk, naturfag og fysisk fostring i barnehagen.

Metode

Systematisering av dei fire områda me har funne som kjernekomponenter i matematikken:

- Mønster/rytme
- Geometri/Former
- Tall/Teljing
- Måling/statistikk

Begrepslæring ligg over alle komponentane som ein «paraply». Me har delt inn kjernekomponentane slik at me held fokuset på ein komponent over tre månadar. Slik kan me laga små prosjekter inni prosjektet, og barna får vera med å undra og utforska saman med personalet.

Me prøver å ha fokus på dei opne spørsmåla, der undring, utforsking, samanlikning osv. kjem meir fram.

Å bruka naturen rundt om på Hinderåvåg gjev mange moglegheiter innanfor naturfag og fysisk fostring.

I barnehagen har me mange leiker og materiale som kan nyttast til viktige begrep i realfagsarbeidet, kor dei tilsette har ei viktig rolle med å vera bevisste i samtalanene med barn – slik at ein høynar realfagsglede kvardagen.

Digital praksis

Mål

La barna bli kjent med ulike digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet. Personalet skal vera aktive saman med barna, og legge til rette for at barna utforskar, leikar, lærer, og sjølv skaper noko gjennom digitale uttrykksformer.

Metode

Me nyttar digitale verktøy i kvardagen, både i form av utforsking, leik og læring: Blue Bot, Smartboard/prowise, pedagogiske spel, kamera, kopimaskin, osv.

Tilsette skal også formidle digital dømmekraft, og bidra til at barna utviklar ein etisk forståing i forhold til bilder m.m.

Leik og danning

«Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barnas egen kultur. Leken skal være en arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer lek både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek - alene og sammen med andre». Rammeplanen 2017.

Mange ulike aktivitetar og pedagogiske metodar konkurrerer om plass i barnehagekvardagen, men framleis kan ingenting måle seg med leiken, som er barnets eigen ibuande kraft. Leiken kjennetegnes av at den er spontan, frivillig og styrt av barnets indre førestillingar, erfaringar og fantasiar.

Leiken har ein framtrekande plass i barns liv og derfor i barnehagen. Det er umulig for barn å la vera å leika.

Leik og læring går hand i hand for små barn. I leiken/ rolleleiken kan barna tilegne seg kunnskap, sosiale ferdigheter, utvikla språket, bearbeida følelsar og lære seg normer og verdiar.

Leiken bidrar til livsglede, entusiasme, motivasjon og utvikling. Barnet leikar med utgangspunkt i sin nysgjerrighet, sine evner og forutsetningar.

Det er derfor viktig at barnehagepersonalet utviklar høg kompetanse på leik.

Forskning viser at når barn og foreldre blir spurt om kva som er viktigast i barnehagen svarar dei eintydig vennskap og leik.

Barnehagen jobbar med danning som ein prosess. Danning er sjølve grunnlaget for omsorg, leik og læring. I praksis vil dette seia at me jobbar med at barn skal danna gode relasjonar til andre menneske. Den omsorg me gir, påverkar læring hos barn og erfaringane set seg som minner i barnets hjerne.



Lekestolen - Fritt etter Kari Papé

Gjennom samspel får barn erfaring med kva som skaper tillit og trygghet, mistillit og manglande trygghet. Dei tilsette er rollemodellar og vår veremåte påverkar barna og deira erfaring. Me skal derfor arbeida med å gi barn positive samspillsopplevingar slik at barna etablerer gode handlingsalternativ når dei samhandlar med andre.

Me skal fokusere på barnas positive sider og veilede barn ved å fortelja barn kva dei kan gjera og støtta opp om barns egen tenking om kva som er smart å gjera.

Grensesettingssituasjonar har derfor fleire aspekt. Me skal finna gode handlingsalternativ og me skal synleggjera kva som er akseptabel åtferd. Målet er at barna på eigenhand skal ha eit sett med normer og verdiar innarbeida som gjer at dei kan ta gode val for eigen og andre sin del.

Barnehagen nyttar forskjellig pedagogiske verktøy i dette arbeidet - blant anna «Psykologisk førstehjelp» for barn. Dette materiellet er knyta til tankar og følelsar, og omgrepet raude og grøne tankar blir brukt mykje

Progresjonsplanen Eg er meg og du er deg blir brukt i alle aldrar på ulike nivå. Denne handlar om å bli kjent med kroppen og setja grenser for seg sjølv og andre.

Samarbeid heim/barnehage

Foreldremedvirkning

- Dagleg kontakt
- Foreldrekontakt
- Samarbeidsutvalet (SU)
- Foreldremøte
- Foreldresamtalar
- Foreldreveiledning
- Vigilo

Me ynskjer eit godt samarbeid med dykk som foreldre. De kjenner barna dykkar best, og kan hjelpe oss med gode løysningar om det skulle vera noko som er vanskeleg for barna.

Me ynskjer eit samarbeid for å bidra til å styrke barnas trivsel, utvikling og læring. Me vil møta foreldre med respekt, anerkjennelse og toleranse slik at me saman kan få til gode dagar for barna.

Handtering av klager

Ein open dialog mellom foreldre og ansatte er viktig, og du skal alltid kontakte barnehagens leiing først dersom du er bekymra. Snakk først med pedagogisk leiar. Dersom de ikkje finn ei løysning på problemet tar du kontakt med barnehagens leiar. Det er barnehagens leiar som er ansvarleg for barnehagetilbodet, og som skal samarbeide med alle foreldre.

På nettsida til Tysvær kommune finn du utfyllande informasjon om korleis du kan gå fram dersom du som foreldre er bekymra eller ønsker å klaga på forhold i barnehagen.

[Melde bekymring eller klage på barnehage - Tysvær kommune](#)

Barnehagens kontaktinformasjon

Styrar

Torbjørgh Topnes

Tlf. 916 90 520

E-post: torbjorgh.topnes@tysver.kommune.no

Avdelingane

Avdeling	Telefon
Hedla	909 61 059
Bjørkeli	488 91 583
Nypedalen	469 11 706

Tilvenning i overgang mellom heim og barnehage

Det er nødvendig med ei trygg tilvenning og viktig at både barn og foreldre får ein positiv start på barnehagelivet. Barnehagane i Tysvær har ei foreldreaktiv tilvenning. Det vil seia at foreldra har hovudansvar for barnet i leik, stell og måltid i tilvenningsperioden i barnehagetida.

Tilvenning til nytt miljø og nye situasjonar er ein prosess som tar litt tid. Kor lang tid barnet treng for å bli trygg avhenger av barnets personlighet, alder og tidlegare erfaringar

Dei første dagane vil ein frå personalet (primærkontakt) vera i nærleiken av barnet og nærma seg gradvis. Det er foreldrene som er den trygge basen i starten, og primærkontakten vil overta denne rolla etterkvart. Så vil dei andre i personalet tilnærma seg når det blir naturleg og nødvendig.

Me tilpassar tilvenninga til barnets behov, men den første veka i barnehagen må ein som foreldre rekna med å bruka store deler av tida si i barnehagen saman med barnet sitt.

Trygghetssirkelen

Trygghetssirkelen minner oss om barnets behov for trygghet.



Tilvenning i overgang mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med skulen, leggja tilrette for barns overgang frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med barnets heim. Det er blitt utarbeida en eigen strategiplan for overgang barnehage-skule. "Den gode overgangen".

[Her finn du planen «Den gode overgangen» i sin heilheit.](#)

Nedstrand barnehage og Nedstrand barne – og ungdomsskule har eigen plan for aktivitetar med førskulegruppa og fadrar i 5.klasse. Me har mange treff på skulen i løpet av våren, og det er også tilrettelagt for besøk til SFO for dei barna som skal gå der.

Me er heldige som har skulen så nærme barnehagen – det gjer samarbeidet svært godt. Pedagogar i barnehage og skule treffes for å læra av kvarandre og å bygga ei trygg og forutsigbar bru mellom barnehagen og skulen.

Ulike samarbeidstenester til det beste for barnet

Tysvær kommune sine barnehagar arbeider for å få eit heilhetlig, kvalitativt godt barnehagetilbod. Målet er å ha eit godt system innad i barnehagen for å avdekka og sette i verk tiltak for barn tidlegast mogleg. I dette arbeidet har me ulike samarbeidspartnerar som me knytte til oss for at barna skal få eit best mogleg tilbod. Dersom me oppdagar barn som av ulike grunnar treng særleg oppfølging, følgjer vi Tysvær kommune sine prosedyrar.

I Tysvær kommune samarbeider me for å betra den tverrfaglege innsatsen rundt barn.

Målet er å sikra at alle barn får lik hjelp på likt bekymringsnivå slik at ein kjem tidleg i gong med tiltak. Me loggfører tiltak som blir iverksett rundt eit barn ved å nytta stafettloggen. Ved at ein aktør som samordnar innsatsen blir tiltakene bedre koordinert. Dette skapar ei oversikt og eit eigarforhold for foreldre, samt dei aktørar som er inne i saken.

Pedagogisk, psykologisk teneste (PPT) og logoped

PPT er sakkyndig instans som foreldre og barnehagen kan ta kontakt med. Me har eigne kontaktdagar med PPT og logoped, der me kan drøfta saker. PPT kan veileda eller gjera ei vurdering av behovet for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagen kan også få veiledning på systemnivå. Dersom foreldre eller barnehagen ser det som hensiktsmessig å be om ei vurdering av eit barn skal det sendast ei skriftleg tilmelding til tenesta. Barnehagen har ansvar for å visa til at tiltak er prøvd ut i barnehagen før tilmelding vert sendt. Ei tilmelding vert utarbeida i samarbeid med foreldra. Det er rutinar i kommunen for korleis ein melder opp barn, og kva som skal ligge ved av opplysningar.

Det er tilsett spesialpedagog i kvar barnehage i Tysvær kommune. Dei jobbar med barn som har fått vedtak på spesialpedagogisk hjelp, og er veiledar og støttespelar i arbeidet med gråsonebarn.

Psykisk helseteneste for barn og unge

Ei god psykisk helse er nødvendig for å ha det bra, og det er viktig at barn lærer å setja ord på kjensler for å kunne fortelje korleis dei har det. I Tysvær kommune er psykisk helseteneste eit tilbod som foreldre kan benytte seg av. Ein kan ta kontakt på eit tidleg tidspunkt då dei ynskjer å vera eit lågterskeltilbod.

Tenesta har blant anna foreldregupper for engstelege barn; det er også mogleg å ta kontakt med tenesta for å få råd dersom ein ser at ein har vanskar enten dette angår barnet eller samspelet ein har med barnet. Barnehagen kan vera behjelpeleg med å formidla kontakt.

Fysioterapi/helsestasjon

Barnehagen samarbeider med helsetenesta og fysioterapeutar vedrørande enkeltbarn. Det er foreldre som samtykker til eit slikt samarbeid og foreldra kan derfor informera eller be barnehagen oppretta eit samarbeid.

Barnevernstenesta

Tilsette i barnehagen har ei plikt til å melde frå om bekymring rundt eller for eit barn. Barnevernstenesta har også ei rett til å krevja informasjon om barn som går i barnehagen når dei er inne i ei sak. Det er viktig å kjenna til barnevernets forebyggande rolle, kor f.eks. barnevernet har ei veiledarrolle som foreldra kan nytta seg av ved behov. Barnehagen bruker også barnevernet som ein veiledarar i ulike samanhengar. Barnehagen kan be foreldra om samtykke til å sende ei bekymringsmelding. Dette skjer i saker kor ein har prøvd ut tiltak i barnehagen og i heimen, og ein ikkje ser forbetring.

Familieteamet

Familieteamet i Tysvær kommune skal legge til rette for at barn, unge og deira familiar får rask og riktig hjelp når dei har behov for det.

Det skal være et lågterskeltilbod utan krav til henvisningar. Familieteamet tilbyr råd og veiledning til barn, unge og familiar vedrørande problemstillingar knyta til psykisk helse, samspel, regulering, grensesetting, trivsel og åtfærd. Familieteamet skal jobbe forebyggande for å fremja god psykisk helse blant barn og unge, samt gi støtte og veiledning i foreldrerolla

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Å planlegga i barnehagen betyr at me skal bruke fagkunnskap om barns utvikling, leik og læring, slik at innhaldet er tilpassa dei barna som vi til ei kvar tid har. Planar i barnehagen skal vera heilhetlige og systematiske. Barn skal kunne medverke i planprosessar.

Planlegginga skal ta utgangspunkt i overordna mål for barnehagen, for å sikra at dei føringane som er lagt for barnehagedrift vert følgt. I planlegging skal me nytta menneskelege og materielle ressursar i barnehagen, nærmiljøet og naturen rundt oss.

Å dokumentera er å gjera noko synleg, og dela det med andre. Me ynskjer at det innhaldet me legg til rette for i barnehagen skal vera synleg for foreldra. Dei bør få innsikt i barns kvardag særleg for barn som ikkje kan fortelja kva dei har vore ein del av. Foreldra si interesse og engasjement har også ei stor betydning for barnet.

Dokumentasjonen gir derfor foreldre sjanse til å samtala med barn om kva dei er opptatt av, og ein kan bli kjent med barnets kvardag.

Å vurdera er ein kontinuerleg prosess. Tilsette i barnehagen skal ha eit kritisk blikk på eigen praksis med mål om å heva kvaliteten. Evaluering saman med barn er viktig del for å sjå om dette samsvarer med det ein har forplikta seg til å arbeide med i barnehagen. Når tilsette planleggjar skal ein heile tida vurdera kva som fungerer, slik at ein kan bygga vidare på dette, og eliminere det som ikkje fungerer. Ein må analysere organisering og arbeidsmåtar før ein tolkar det ein finn i lys av teori samt dei føringar som er lagt i lov om barnehage, rammeplanen og kommunale planverk.

Gjennom å bruka observasjonsverktøyet Class har me et kritisk blikk på eigen praksis. Forskjellige indikatorar viser retninga me skal gå i arbeidet vårt. Ved at indikatorane ofte er representert i kvardagen strekker me oss mot høg kvalitet i barnehagen. Me blir i tillegg vurdert av ein ekstern observatør som er sertifisert i Class. Observatøren hjelper oss til å belysa det som fungerer bra kvalitetsmessig og me byggjer så vidare på dette gjennom pedagogiske analysar.

Periodeplanar

Barnehagen har valt å laga periodeplanar som går over tre månadar. Her ligg oversikt for faste rutiner og for planlagde aktivitetar som skjer saman med barna i den gitte perioden. Periodeplanen blir sendt ut til foreldrene, for at de skal få ei oversikt på kva barnet ditt opplever i barnehagekvadagen. Heilt bevisst legg me ikkje ut dag for dag- aktivitetar, men heller meir overordna fokus/tema. Me planlegg utifrå barnas interesser og me legg til rette for aktivitetar som passar barnegruppene og omgivelsane rundt.

Me nyttar Vigilo som dokumentasjon på kvardagen til barna. Her blir det lagt ut bilete for dagen, og me fortel korleis dagen har vore. Her skildrar me pedagogiske opplegg og kvar me øver oss på for at alle skal trivast og ha det bra.

Etter endt periode vil foreldre få eit periodebrev heim, kor me skildrar aktivitetane i månadane som har vore. Erfaringane me har fått oss er med oss vidare i planlegging, og på den måten vil aktivitetar og anna opplegg bli enda meir tilpassa barnegruppene me har.

Foreldre er ei viktig brikke for oss, og me er glade for innspel og foreldremedverknad i aktivitetane. Me kjem gjerne på besøk heim eller på ein arbeidsplass, og me er glade for tips og idear som kan gjera barnehagen til ein enda bedre stad å vera.

Ved å ha foreldre med på laget, så håpar me at me får vist det me ynskjer å oppnå i visjonen vår: «Glade barn i eit rikt miljø».